



MELDING  
om  
FISKEBIOLOGISKE GRANSKINGAR  
i  
ROGALAND

19 86

Namnet på vatnet Saundalsvatnet

Kommune ..... Sokndal

Feltarbeidet, vidare arbeid med materialet  
og skriving av meldinga er utført av Roga-  
land Skogselskap v/ Einar Berg i samarbeid  
med fiskerikonsulent Jostein Nordland ved  
Miljøvernnavdelingen.

## S A U R D A L S V A T N E T

Fiskeanalysen vart foreteken den 18. sept. 1986.

Vatnet ligg i Sokndal kommune, mellom Rekeland og Selebø, og grensar for ein del etter R 44.

Det er eit grunt vatn, med frodig vegetasjon, slik at store deler av vassarealet er i ferd med å gro igjen. Berre eit par stader, midt ute på vatnet, er det ope og fritt for vegetasjon.

For å få greie på om det var fisk i vatnet, vart det sett ut 2 garn i dei opne vassareaala. Garna var av omf. 24 og 26. Resultatet etter 1 fangstnatt var 1 aure, men denne var og vesentleg større enn den fisken ein til vanleg får. Vekta var 1120 gram og lengden 460 mm. Det var ein hanfisk, gytefisk, rød i kjøttfargen og utanparasittar. I det heile eit prakteksemplar med K-faktor = 1.15.

Skjellavlesinga synte at fisken var eldre enn 8 år.

### Konklusjon.

Saurdalsvatnet har lite for seg som sportsfiskevatn p.g.a. gjengroing som gjer fiske frå land umogeleg. Det vil likevel kunna produsere noko fiskekjøtt p.g.a. kalkinga av Selebøvatnet. Avlaupet frå Selebøvatnet går til Saurdalsvatnet, slik at vasskvaliteten vil bli godt brukande for aure. Vidare vil det vera ein viss produksjon av næringsdyr i denne grunne og frodige strandsona.

Det er ikkje gytetilhøve for fisken i Saurdalsvatnet.

### Praktiske tiltak.

Som nemnt har det lite for seg å satse på Saurdalsvatnet som fiskevatn, men slik vatnet ligg til, og med brukande vasskvalitet, kostar det lite å setja ut 30-40 setjefisk. Denne fisken vil kunna bli ganske stor og må helst fiskast opp ved hjelp av garn. Ein gummibåt i vegetasjonsgrensa ute på vatnet vil også kunna gi "stangfiskarar" hyggelige opplevelsar.

Når det nå vert sett ut fisk i Selebøvatnet, og fisken kan ferdast mellom desse vatna, vil det truleg koma noko fisk ut i Saurdalsvatnet denne vegen. Dei som steller med vatnet, kan såleis gjerne innimellom ta med gumfibåt og fiskestang, og gjera nokre kast. Resultatet kan kanskje bli betre enn ein skulle tru.

Lukke til !

Stavanger 3/6-87  
Einar Berg